



Helse Bergen HF  
Psykiatrisk divisjon, Sykehusledelsen, UIB  
Armauer Hansens hus (3. etg)  
5020 BERGEN

Dato: 19.12.2016  
Vår ref.: 2014/24367-13  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.: Åse Margrete Bratland

## Samarbeid med Helse Bergen i 2017 om tilrettelegging av fysisk aktivitet for personar innan psykisk helsevern i Hordaland

I iverksetjing av vedtekne politiske mål er fylkeskommunen avhengig av gode lokale, regionale og nasjonale partnerskap. Med grunnlag i visjonen **Aktiv kvar dag** og målet om å leggje til rette for fysisk aktivitet for innbyggjarane i Hordaland, ønskjer Hordaland fylkeskommune å føre vidare samarbeidet med Helse Bergen om fysisk aktivitet innan psykisk helsevern.

### Forankring i regionalt planverk

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 *Premiss: Kultur* gjev føringar på det regionale idretts- og friluftslivspolitiske arbeidet. Aktivitets- og anleggsutvikling er sentralt i planen, og tilrettelegging av fysisk aktivitet for personar innan psykisk helsevern er del av handlingsprogrammet.

Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014 - 2025 knyter den regionale folkehelseinnsatsen til det arbeidet som vert gjort for personar innan psykisk helsevern. Folkehelsemeldinga *Mestring og muligheter* 2014-2015 løftar psykiatrien som eit nasjonalt satsingsområde og er førande for vårt vidare arbeid. For å nå desse måla tek Hordaland fylkeskommune sikte på å utvikle samarbeidet mellom offentlege og private aktørar med ansvar for psykisk helse, fysisk aktivitet og fysisk tilrettelegging. Kommunane vil vere ein særleg viktig samarbeidspart. I dei aktivitetsarrangementa der Hordaland fylkeskommune tidlegare har vore "ute i felten", vert gjennomføringa overført til kommunar, lag og organisasjonar. Hordaland fylkeskommune vil ta del i planlegginga og gje tiltaka økonomisk stønad, medan kommunar og sivilsamfunn er arrangørar.

### Aktivitet i 2016

Kort oppsummering av regionale tiltak innan psykisk helsevern 2016:

#### Camp Herdla

Dette arrangementet var nytt i 2013 og er basert på aktivitetar med låg terskel i høve deltaking og kostnad. Det var mogeleg å overnatte, kome på dagstur og plukke og eller mikse aktivitetar og innhald etter individuell føresetnad. Slik vi vurderer det har Askøy kommune godt grep om arrangementet og har skapt sterk eigarskap på tvers av sektorane i kommunen. I løpet av veka flyttar tenestene i psykisk helsevern i kommunen ut på Herdla, og folkehelsekoordinatoren og rådgjevaren for idrett og nærmiljø er med i arrangørgruppa. Tilbodet er basert på breitt samarbeid med lokale aktørar; frå museum til lokale båteigarar, ornitologar og private aktivitetsarrangørar. I 2016 var det eit variert program med nye innslag og auka deltakartal frå året før. Askøy kommune er positiv til å vidareføre dette som eit årleg regionalt arrangement.

### Sykkel og psykiatri

Norges Cykleforbund region vest vart invitert til samarbeid om sykkelprosjekt knytt til sykkel VM 2017 i kommunane Bergen, Askøy, Fjell og Øygarden. Dei har fått tilskot til i regi av lokale sykkelklubbar å starte prosjekt retta mot psykiatrien i Hordaland. Norges Cykleforbund region vest ser på sykling som noko meir enn berre det reint sportslege. Dei ønskjer å synleggjer helsefremmande effektar, og ønskjer å få folk i aktivitet på sykkel, både som mosjon, konkurranse og transport.

Målet er å motivere dei som slit med psykiske helseplagar til å nytte fysisk aktivitet, nærare bestemt sykkel, til å betre sin eigen situasjon og helse. Det å vere i aktivitet er godt for både kropp og sjel, og det å sykle treng ikkje vere særleg fysisk krevjande, og difor er dette ein aktivitet som er lett å komme i gang med. I tillegg til aktivitetane har dei også fått midlar til å kjøpe inn utsyr til utlån for å gjere terskelen for deltaking låg. Dette prosjektet sjåast i samanheng med satsing på kvardagssykling og sykling i eit folkehelseperspektiv som er ein viktig del av opptrappinga mot Sykkel VM i Bergen 2017.

### Utordringar framover

I 2016 har Hordaland fylkeskommune vidareutvikla tilrettelegginga av aktivitetar innan det psykiske helsevernet. Det har vore jobba målretta med å inkludere unge, noko som også vil ha særskild merksemd i tida framover. Samstundes er det naudsynt med meir tilrettelegging av fysisk aktivitet for dei som har vore lenge innan psykisk helsevern. Slike arrangement må ha lokal og regionalt forankring i tråd med gjeldande føringar. Relevante lokale og regionale samarbeidspartnarar skal få ei meir aktiv rolle i arbeidet. I 2016 løyvde Fylkestinget kr 200.000 til psykiatri, rus og idrett. Fylkeskommunen har utvida arbeidet og ønskjer å ta ei tydelegare rolle i høve koordinering av kompetanse og utvikling av nye samarbeidsmodellar, der offentlege partar og organisasjonslivet er med, t.d. i interkommunale samarbeid.

### Dialog med kommunar og organisasjonar i Hordaland

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga har ulike møteplassar med kommunar og organisasjonar i heile fylket. I slike møte er det naturleg å diskutere med kommunane kva tilbod om fysisk aktivitet dei gjev til personar med psykiske lidningar, orientere kvarandre om status i arbeidet og kva som må til for å vidareutvikle felles den felles innsatsen. Gjennom eit godt samarbeid på tvers i høve tilrettelagte tilbod generelt med lav terskel – vert det auka fokus på målgruppa i ein heilskapleg planlegging av aktivitet.

### Samarbeid med Helse Bergen

Hordaland fylkeskommune set pris på at Helse Bergen ser nytten i det arbeidet vi gjer og ser fram til vidare samarbeid. Vi viser til avtale om årleg tilskot på kr 100.000,- til arrangement innan psykisk helsevern og ber om at tilskotet vert overført til Hordaland fylkeskommune. Det vert sendt ein faktura med bestillingsnummer til Helse Bergen parallelt med dette skrivet.

For meir informasjon – ta kontakt med Hanne Espe tlf: 55239178 eller [hanne.espe@hfk.no](mailto:hanne.espe@hfk.no)

*Med ønske om ei god jul og eit aktivt nytt år*

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Åse M Bratland

